

## ***Nordhordland kompetanseregion***

*for grunnskulen*

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

### **Referat frå styremøte 07/16 i NKR, 02.12.16.**

Referatet er sendt til HTV i kommunane til orientering.

Møtet fann stad på Alver hotel.

Sak 70/16 vart handsama først.

**Desse møtte:** Alf Strand, Reidun E. Johannessen, Astrid B.Øvsthus, Helge Vallestad (vara for Jo Tømmerbakke), Linda Husa, Jahn Olav Nordheim og Dina Dyrhovden. Ragna Midtbø kom til sak 71/16.

**Meldt forfall:** Bodil Boie Brekkan, Jo Tømmerbakke.

### **67/16 GODKJENNING AV SAKLISTA.**

Det var sendt ut tilleggssakliste med sak 79/16

Osterøy melde inn til sak 78/16 Ymse:

c) Suksesskriterier for vidare kvalitetsutvikling – Læring i profesjonelle fellesskap.

Koordinator melde inn til sak 78/16 Ymse:

d) Lærande nettverk – tilbakemelding frå prosessrettleiar

**Vedtak: Saklista vart godkjend med tillegga ovafor.**

### **68/16 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ FØRRE MØTE**

Ingen merknader.

**Vedtak: Referat frå møte 25.10.16 er godkjent.**

### **69/16 MELDINGAR**

#### **Samlingar/kurs sidan sist**

11.11.16 Born som utfordrar oss. Ass i SFO og skule. Behov for litt justering på innhald og organisering til nytt kurs 03.02.17.

11.11.16 Dialogisk lesing. Barnehage. Gode tilbakemeldingar.

11.11.16 Relasjonsbygging på eit stødig fundament. Barnehage. Gode tilbakemeldingar.

24.11.16 Samling på NLA for nyttilsette, nyutdanna lærarar. Erfaringar syner behov for heildagssamling. Koordinator tek det med i planlegginga av oppfølgingssamling våren 2017.

**Planlagde samlingar/kurs:** Textpilot-kurs vert planlagt etter nyttår. Vert gitt tilbod om betalingskurs til foreldre. Skulen melder på og NKR sender refusjon til

kommunane som vanleg. Kommunane vurderer om dei skal krevje inn/dekke avgifta for foreldra.

**Ny kursbase:** Kursbasen er klar til å takast i bruk. Koordinator får opplæring i bruk av IKT-NH og melder tilbake til styret.

**Innspel frå tillitsvalt Jarle Næss.**

## 70/16 «Lukkelege barn» -tilpassa opplæring til evnerike barn

Tove Hagenes orienterte om tilpassa opplæring for evnerike born, Jøsendalutvalget – Meir å hente. Det er viktig at skuleeigar arbeidar med kapasitetsbygging på og mellom skular om dette feltet av opplæringa. Skuleeigar må sikre at det er kompetanse i PPT og BUP til å identifisere desse elevane.

**Vidare arbeid:** Styret sin repr i samarbeidsmøte med Statsped Vest tek temaet opp i møte 15.12.16. Det er aktuelt at Tove Hagenes kan bidra inn i nettverk for PPT/BUP. Styret vurderer temaet i samband med planlegging av samlingar i NKR for skuleleiarar/skular i 2017.

Presentasjon og informasjon om foreningen «Lukkelege barn» vert vedlagt referatet.

## 71/16 FLYKTNINGAR- EI FELLES UTFORDRING FOR KOMMUNANE

Tema	Erfaringar/utfordringar/ tips	Kommune med erfaring
Integrering, inkludering og språk.	<p>Referert frå eit kurs som fylkesmannen hadde eit kurs om integrering og inkludering. Veldig godt fagleg, konkret og nyttig. Presentasjonen frå samlinga ligg ved referatet.</p> <p>Det er mogeleg å søkje om rettleiing/ kompetanseheving. NKR har hatt dette temaet</p> <div data-bbox="507 1592 986 1832" style="border: 1px solid black; padding: 5px;"><p>Har dere behov for veiledning?</p><ul style="list-style-type: none"><li>› Det er HIB som tilbyr veiledning i Hordaland. Søknad sendes Fylkesmannen på følgende adresse: <a href="mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no">fmhpostmottak@fylkesmannen.no</a></li><li>› Søknadsfrist 13.12.16</li></ul><p>Kriterier for søknad til Fylkesmannen:</p><ul style="list-style-type: none"><li>• Hvorvidt skoleeier støtter søknaden</li><li>• Om det planlegges samarbeid på tvers av skoler og kommuner / fylkeskommuner / etablering av nettverk.</li><li>• Kommunens erfaring med språk- og fagopplæring for minoritetsspråklige elever</li><li>• Hvilke deler av personalet som skal involveres i veiledningsarbeidet.</li><li>• Om flyktningbarn i skolen er noe nytt og ukjent for skolen.</li><li>• Beskrivelse av hvilke lokale kompetansebehov skolen har på dette fagfeltet.</li><li>• Tidspunkt for ønsket veiledning i løpet av 2017.</li><li>• Fylkesmannen sender ut en epost om tilbudet til alle skoleeiere i Hordaland etter samlingen.</li></ul></div> <p>som fast sak på styremøtene. Styret ser behov for rettleiing og kompetanseheving og vil legge opp til ei samling i 2017: Målgruppe: Skuleeigar, skuleleiar og lærar. Tema språk og inkludering.</p>	Meland/Reidun deltok på samlinga

	<b>Vidare arbeid:</b> Styret bad koordinator utforme og sende søknad om rettleiing.	
<b>Flykting/elev med lærevanskar</b>	Behov for ekstra ressursar: Utreiing PPT. Kommunen kan søkje om midlar IMDI. <a href="http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/introduksjonsprogram/skole-utdanning-i-introduksjonsprogrammet/">http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/introduksjonsprogram/skole-utdanning-i-introduksjonsprogrammet/</a>	
<b>Familiegjenforening</b>	I kommunane kjem det minoritetsspråklege frå mange ulike nasjonar og språk. Særskilt norskopplæring. Desse elevane skal rapporterast i KOSTRA.	<b>Alf/Masfjorden</b> undersøker korleis dette skal gjerast.

## 72/16 UTFORDRINGAR KNYTT TIL § 9A

<b>Tema</b>	<b>Erfaringar/utfordringar/ tips</b>	<b>Kommune med erfaring</b>
Hendelsesbasert tilsyn	Kommunen sitt forsvarlege system. Årleg risikovurdering. Sløyfa tilbake til skule. Skulen sitt system for å avdekke.	Meland kommune
Når elev og/eller foreldre bed om tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan kome munnleg og skriftleg.</li> <li>• Plikt til å behandle oppmodinga om tiltak.</li> <li>• Møte med partane.</li> <li>• Dokumentere mottak av bekymring/hending.</li> <li>• Einskildvedtak med høve til å klage. Forvaltningslova – saksbehandling. Vedtak med start og stopp. Evalueringspunkt. Fatte vedtak om avslutning dersom ikkje det står i vedtaket kor lenge det gjeld.</li> </ul>	
Ny lov	Handlingsplikt. Dokumentasjonsplikt.	

## 73/16 PEDAGOGISK BRUK AV DIGITALE VERKTØY

Saka vart utsett til neste møte.

## 74/16 MØTELOKALE FOR STYREMØTER I NKR

Koordinator orienterte om aktuelle møtelokaler, kostnader og erfaringar. Styret drøfta saka. Julemøter kan bli lagt til anna lokale.

**Konklusjon: Styremøtene vert til vanleg lagt til Nordhordland Folkehøgskule.**

## 75/16 ARBEIDSGRUPPE LÆRINGSPLATFORM

Koordinator orienterte om framlegget. Drøfting og justering. Det er i gang andre prosessar høve til IKT. Viktig å få koordinert dette. Skulefagleg ansvarleg i kommunane orienterer rådmannen om arbeidet som no skal gjerast. Skulefagleg ansvarleg informerer dei som vart valt til inn i arbeidsgruppa.

### **Vedtak:**

### ***Mandat arbeidsgruppe vurdering læringsplattform***

*Nordhordland kompetanseregion set ned ei arbeidsgruppe for å vurdere*

- 1. Behov for læringsplattform i høve til andre system som kommunane nyttar (td. Visma Flyt skole, Sampro, Vokal)*
  - 2. ItsLearning i høve til andre/nye verkøy/leverandørar*
- Framtidas skule: Kompetanseomgrepet. Djupnelæring. Tverrfaglege emne.*
  - Nytte*
  - Brukargrensesnitt*
  - Kostnad*

### ***Arbeidsgruppa skal vurdere kolreis verktøyet legg til rette for***

- Å skape rammer for elevar og tilsette sitt læringsarbeid*
- Kommunikasjon: lærar – elev, elev – elev, heim – skule, skuleleiing – tilsette, lærar - lærar*
- Rom for lukka grupper*
- Oppslag og publisering*
- Vurdering for læring*
- Deling, dialog og samskriving (Arbeidsmåtar etter eit sosiokulturelt læringssyn)*
- Planleggingsverktøy*
- Brukaradministrasjon*
- Datasikkerhet: Arkiv, personvern.*

*Kva plattform vert nytta i VGS? Kva LMS-kompetanse eleven ha før ein tek til på VGS?*

*Arbeidsgruppa har 6 medlemmer*

*Frå styret: Jo Tømmerbakke og koordinator*

*Skuleleiar: Hogne Brunborg*

*Lærer: Gaute Kleivland*

*Skule/IKT: Yngve Vetås*

*Tilitsvalt: Jarle Næss*

*IKT- NH: Vert ein viktig samarbeidspart i arbeidet.*

*Arbeidsgruppa legg fram arbeidet sitt for styret xx.xx.17 (Vert avklara i neste styremøte )*

**76/16 FØRESPURNAD LINDÅS KOMMUNE sjå vedlegg 1**

**Saka vart utsett.**

**77/16 MØTEPLAN VÅREN 2017**

31.01.17 kl 0900-1200.

10.03.17 kl 0900-1200.

27.04.17 kl 0900-1200.

07.06.16 kl 0900-1200.

Koordinator legg inn møtene i Outlook.

**78/16 YMSE**

**Saka vart utsett.**

**79/16 VAL AV STYRELEIAR FOR VÅREN 2017**

Styreleiar orienterte. Det vert ikkje tilsett oppvekstsjef i Austrheim kommune i 2017. Styret drøfta saka.

Astrid B. Øvsthus gjorde framlegg om at Alf Strand held fram og at Masfjorden kommune tek sin leiarperiode no.

**Einstemmig vedtak: Alf Strand/Masfjorden kommune vart valt som styreleiar fram til juni 2018.**

05.12.16

Alf Strand  
Styreleiar

Dina Dyrhovden  
koordinator